

Framlegg til endringar i

Ordning for hovudgudsteneste – lokal grunnordning.

Handsama i gudstenesteutvalet nov.-14 til mars -15.

Vedteken i gudstenesteutvalet 26.03.2015

Vedteken i Stedje sokneråd 14.04.2015

Leggast fram på soknemøte 23.04.2015

Utvalet gjer framlegg om desse endringane i eksisterande grunnordning:

Ledd 16 Kunngjeringar:

Dette framlegget kjem i staden for eksisterande ordning.

- Informasjon om dagens gudsteneste er plassert i del I, Samling, etter at klokkene har kalla saman. Med dette meiner vi: Søndagens namn og kyrkjeårsfarge; tema for dagen; gangen i gudstenesta; namn på dåpsborn; deltaking av særskild inviterte grupper.
- Andre kunngjeringar kjem etter truvedkjenninga, før forbøna. Med dette meiner vi: Takkofferføremål; forbønsynskje; helsingar; informasjon om eventuell bønnevandring, nattverd og kyrkjekaffi.

Ledd 12 Evangelium:

Dette framlegget kjem i staden for eksisterande ordning.

- Det vert til vanleg nytta evangelieprosesjon samstundes som kyrkjelyden syng eit Halleluja-omkvad eller eit høveleg salmevers.

Ledd 17 Forbøn:

Desse framlegga kjem i tillegg til eksisterande ordning.

- Liturg har hovudansvaret for å førebu forbøna, men bør legge vinn på at dette skjer i samarbeid med andre.
- Bønnevandringar bør nyttast på gudstenester som er retta mot born og ungdom, og på temagudstenester.
- Ei bønnekrukke som står på fast stad i kyrkja, bør takast i bruk.

Avsnitt E – Nattverd

Dette framlegget er ei presisering av eksisterande ordning.

- Normalordninga er utdeling fremst i midtgangen, med bruk av særkalkar. Intinksjon kan nyttast ved spesielle høve.

Avsnitt J – Praktiske forhold og tilrettelegging:

Dette framlegget kjem i tillegg til eksisterande ordning.

- I våpenhuset bør det hengjast oppslag med informasjon om samlingar og aktivitetar i kyrkjelyden for påfølgjande veker på høveleg stad/tavle.

Avsnitt K – Retningslinjer for årsplanen, punkt 2) Korleis trusopplæringa i kyrkjelyden skal integrerast i gudstenesteferinga

Dette framlegget kjem i tillegg til eksisterande ordning.

- Dersom det er born til stades på gudstenester som ikkje er knytt til særskilte trusopplærings-tiltak, bør det leggjast vinn på at dei vert ynskt velkomen av kyrkjevert, og får utdelt salmebok og eventuelt program, samt eit søndagsskuleblad.

Avsnitt K – Retningslinjer for årsplanen, punkt 3) Korleis ein i gudstenestelivet skal ta omsyn til planane til kyrkjelyden for diakoni

Dette framlegget kjem i staden for eksisterande ordning.

- Det diakonale perspektivet skal gjennomsyre det gudstenestlege livet og bli synleggjort og forståeleg for alle. Kyrkjelyden har utarbeidd ein plan for det diakonale arbeidet: Planen har fokus på nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. I gudstenestelivet kjem dette til uttrykk gjennom forkynning, forbøn, takkoffer og nattverd. Kyrkjevert-funksjonen legg m.a. vekt på tilrettelegging og inkludering, der alle er velkomen. Kyrjekaffi er eit uttrykk for forlenging av gudstenestefellesskapet som ber oss inn i det daglege livet. Diakonitenesta sin brubyggar-funksjon mellom kyrkje og samfunn vil bli vektlagt i det gudstenestlege livet.

Om salmar

Dette framlegget kjem i tillegg til for eksisterande ordning.

- På gudstenester der det ikkje er dåp, bør det vera ein salme etter andre tekstlesing, før evangelieprosesjonen.

Om liturgisk musikk

Dette framlegget kjem i staden for eksisterande ordning.

Desse ledda kan nyttast:

- Kyrie: Frå 1977-liturgien.
- Gloria: Frå 1977-liturgien.
- Halleluja: Bør vere eit ledd som varierer i høve til gudstenesta sitt preg. Som hovudregel vil ein variere mellom 977.4, 977.5 og 977.6 frå salmeboka.
- Kyrkjelydssvar ved forbøna: Bør vere eit ledd som varierer i høve til gudstenesta sitt preg. Vi nyttar både bønesalmar og andre kyrkjelydssvar.
- Innleiing til nattverd: Frå 1977-liturgien.

- Sanctus: Leddet frå 1977-liturgien eller Peter Sandwall sitt.
- Agnus Dei: Leddet frå 1977-liturgien eller Peter Sandwall sitt.
- Benedicamus/ Velsignigna: Frå 1977-liturgien.